

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 27.05.2016
Vår ref.: 2015/10280-25
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Arkeologisk registrering - planarbeid ny fv 555 Kolltveit - Austefjorden - Fjell kommune – informasjon om maskinelle undersøkingar

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan for ny fv 555 frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune datert 08.10.15, samt vårt brev datert 13.05.16 med varsel om arkeologiske registreringar heimla i § 9 i kulturminnelova i samband med planarbeidet.

Delar av planområdet er naudsynt å undersøke ved maskinell fleteavdekking og søk med metalldetektor. Dette brevet er sendt heimelshavarar i areal kor vi ønskjer å bruke gravemaskin og eventuelt metalldetektor for å avklare om det kan finnast automatisk freda kulturminne under matjorda. Areal kor vi vil nytte gravemaskin til registrering er markert på vedlagt kart med raud farge. Areal kor vi i første omgang vil vurdere søk med metalldetektor er markert med rosa farge. Desse areala kan òg bli aktuelt å vurdere for maskinell fleteavdekking.

Ved registrering med gravemaskin vil vi avdekke matjord og eventuell annan overdekkande masse ned til undergrunn, vanlegvis i ei breidde på 3-4 m. Lengde, dybde og kor tett sjaktene ligg, vil variere mykje avhengig av topografi og funnsituasjon. Lengda på sjaktene kan til dømes variere frå om lag 10 meter og opptil 50-60 meter eller meir. Dybde på dei enskilde sjaktene avheng av kor mykje masse som må fjernast for å komme ned til undergrunnen, dette kan erfaringsmessig variere svært mykje. I areal med skrinnt matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfylte massar eller eventuelt rasmassar, kan det vere naudsynt å fjerne opptil 3-4 meter masse i dybda. Kor tett sjaktene ligg vil variere med lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn, men ein avstand mellom sjaktene på 8 til 15 meter er ikkje uvanleg. Alle sjakter blir fylt igjen etter at eventuell nødvendig dokumentasjon er utført, så langt det er praktisk gjennomførbart blir gjenfylling utført fortløpande. Særleg djupe sjakter blir prioritert gjenfylt så raskt som mogleg. Matjord som er fjerna i sjaktene blir lagt tilbake, men oppgravd areal blir ikkje sådd på nytt.

Metallsøk føregår ved at metalldetektorist går over marka systematisk og undersøker eventuelle utslag frå detektor. Ved utslag på detektoren vil ein grave eit prøvestikk med spade, om lag 30x30 cm i størrelse, ned til ein dybde på ca 25-30 cm. Prøvestikka blir gjenfylt fortløpande undervegs. I areal kor vi har markert på kartet (rosa farge) at vi vil nytte metalldetektor, kan det bli naudsynt å vurdere maskinell fleteavdekking som skildra ovanfor på eit seinare tidspunkt.

Dersom areal blir pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som blir råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravde kablar i dei aktuelle areala frå Fjell kommune,

kraftselskap og geomatikk. Dersom ein kjenner til private leidningar nedgravd i dei aktuelle areala er vi takksame for opplysningar om slike.

Vi vil så langt det er råd ta omsyn til slått og beiting i området, og vi ber om at ein tek kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, tlf 55 23 91 72/48 18 95 25, Heidi.Handeland@hfk.no dersom ein har merknader eller spørsmål vedrørende dei arkeologiske undersøkingane.

Tiltakshavar, i dette tilfellet Fjell kommune, er ansvarleg for eventuelle avlingstap, skader eller ulemper som følgje av registreringane. Fylkeskommunen si arkeologiske registrering er planlagt på grunnlag av dei kart vi har motteke frå Fjell kommune i samband med planarbeid for ny fv 555 Kolltveit-Austefjorden. Vi gjer merksam på at planen er under arbeid, og at trasè og andre detaljar i planen ikkje er endeleg fastsett på dette stadiet. Vi ber om at ein tek kontakt med Fjell kommune dersom ein har spørsmål vedrørende trasè, avgrensing av planområdet eller planarbeidet forøvrig.



Illustrasjonsfoto av maskinell sjaktning. Merk at søkesjaktene kan vere langt djupare om det er naudsynt å fjerne rasmasse eller påfylt masse.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Ny fv 555 Kolltveit-Austefjorden – undersøkingar med gravemaskin og metalldetektor - oversiktskart

Ny fv 555 Kolltveit-Austefjorden – undersøkingar med gravemaskin og metalldetektor - kartutsnitt